

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

Postboks 120
4491 Kvinesdal
Bankkonto:
3080 32 25660
Organisasjonsnr.:
988 798 185

VALLE KOMMUNE - KONTROLLUTVALET

Medlemmer:	Varamedlemmer(for Ap)
Knut H. Nomeland, Sp, leiar	Tora Homme Uppstad
Kent M. Lund ,H , nestleiar	Hallvard K. Rysstad
Kjell Ove Tveiten, Ap	Solveig Rysstad
Gyro K. Uppstad, Ap	Varamedlem (H)
Anne Elisabeth Gilbert Akselsen, V	Edvin Brottveit
	Varamedlemmer (for Sp/V)
	Steinar H. Homme
	Knut J. Homme

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Tid: Torsdag 17. mars 2016 kl. 13.00

Stad: Rådhuset, formannskapssalen

Saksliste:

SAK 04/16 PROSJEKTPLAN (vert sendt ut seinare)

SAK 05/16 NUMMERERT BREV NR. 62 FRÅ REVISOR

SAK 06/16 KOMMUNEREKNESKAPEN FOR 2015 – ORIENTERING

Referatsaker:

R 01/16 Referat frå representantskapet i Agder Kommunerevisjon IKS

R 02/16 Tilsynsrapport

R 03/16 Rapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Valle kommune

Fast post: Revisor orienterer

Eventuelt

Valle, den 3. mars 2016

**Knut H. Nomeland
Leiar**

**Kjell Ivar Hommen
Utvalssekretær**

Eierkommuner:
Audnedal, Bygland, Bykle, Evje og
Hornnes, Farsund, Flekkefjord,
Hægebostad, Iveland, Kvinesdal,
Lindesnes, Lyngdal, Mandal,
Marnardal, Sirdal, Valle, Åseral

Ansatte:
Daglig leder Kjell Ivar Hommen
Telefon: 97 51 02 98
E-post: kjell.ivar@asekretariat.no

Saksbehandler Willy Gill
Telefon 90 95 62 46
E-post: willy.gill@asekretariat.no

Agder Sekretariat

Sekretariat for kontrollutvalg i Agder

**Innkalling/saksliste send elektronisk til medlemmer, ordfører, rådmann og revisor
Kopi elektronisk til: Gunn Margith Homme og Setesdølen**

Varamedlemm(er) møter berre etter særskild innkalling

Eventuelle forfall meldast til Kjell Ivar Hommen, tlf. 975 10298.

Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Valle kommune

Sak 05/16

Møtedato: 17.03.2016

Sakshandsamar: kih

SAK 05/16 NUMMERERT BREV FRÅ REVISOR

Vedlegg:

Nummerert brev frå revisor

Kva saka gjeld:

Kontrollutvalet fekk nummerert brev nr. 62, datert 5. november 2015 frå revisor med kopi til rådmann.

Revisor peiker i brevet på at dei hadde avdekka at rekneskapen ikkje var laupande oppdatert. Dei syner til at avstemming av bankkontoar ikkje var oppdatert, og at sjukepengar var inntektsført til og med juni 2015.

Sekretær sende mail, datert 7. desember 2015 til rådmannen kor ein bad om at det vert sett i verk naudsynte tiltak slik at rekneskapen vert laupande oppdatert.

Den 18. januar 2016 vart det sendt ein ny mail til rådmannen der ein ynskte tilbakemelding på kva tiltak som var gjort, slik at kontrollutvalet kunne bli orientert i sitt møte 26.01.2016.

De 26.01.2016 vart det motteke ein mail frå økonomisjef Wenche E. Gundersen som lydde slik:

«Svar på brev nr. 62 frå revisjonen

Dei to punkta som er ført opp har samanheng. Innbetalte sjukepengar etter juni 2015 var oppført på bankavstemming og var ikkje inntektsført i rekneskapen då brevet nr. 62 kom. No er vi ajour pr. oktober 2015. Sjukemeldingar til NAV er sendt fortløpande, og det er berre inntektsføringa som har eit etterslep. Vi skal få ordna opp i dette i samband med rekneskapsavslutninga. Vi held framleis på med opplæring på handtering av sjukepengar. Tora Rysstad Haugen som slutta på løn i juni skal gå gjennom det som står att av sjukepengar saman med Anne Berit Haugen Solheim, som tok over lønsarbeidet frå juli 2015. Det har vore mykje å sette seg inn i for ho og prioritet ein har vore at dei tilsette skulle få rett løn til rett tid, og A-melding.

Ved tertialrapporteringa har avdelingsleiarar blitt informert om at det er etterslep på inntektsføring av sjukepengar, slik at dei kan take omsyn til det i sine kommentarar.

Ein kan ikkje sjå at vi har etterslep i høve omsetningsoppgåver og kompensasjonsoppgåver. Det blir bokført og remittert tilviste bilag fortløpande.»

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek svaret frå rådmannen v/ økonomisjefen til etterretning.

Setesdal Revisjonsdistrikt IKS

- Bykle-Valle-Bygland-Evje og Hornnes-Iveland -

Kontrollutvalet i Valle kommune

Deres ref.:

Vår ref.: tp

Dato: 5. november 2015

Brev nr. 62

Manglende oppdatering av rekneskapen

I medhald av «forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv» skal revisor skriftleg påpeike feil og manglar ved plikten til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar overfor kontrollutvalet med kopi til administrasjonssjefen.

Ein viktig føresetnad for å få tilfredsstillande rekneskapsrutinar og intern kontroll er at rekneskapen er laupande oppdatert. Av «forskrift om årsregnskap og årsberetning» § 2, jf. bokføringslova § 7, skal bokføring skje så ofte som verksemda og transaksjonanes art og omfang tilseier. Bokføringa skal være oppdatert innan fristane for pliktig rekneskapsrapportering og ikkje sjeldnare enn kvar fjerde månad. For verksemdar som skal levere 2-månedlege omsetnadsoppgåver eller kompensasjonsoppgåver inneberer dette at bokføringa må være oppdatert kvar annen månad.


I samband med vår revisjon av kommunen, avdekka vi at rekneskapen ikkje var laupande oppdatert.

- Bankavstemming
Ved førespurnad om avstemming av bankkontoar, blei det opplyst at avstemminga ikkje var oppdatert. Det blei opplyst at det var fleire opne postar som ikkje var bokført i rekneskapen.
- Sjukepengar
I rekneskapet er det inntektsført sjukepengar til og med juni 2015.

På bakgrunn av manglende oppdatering av rekneskapen kan det stillast spørsmål ved tertialrapporteringa. Det kan ikkje sjåast bort i frå at denne rapporteringa inneheld vesentlege avvik og kan gi grunnlag for feil styringsinformasjon.

Kommunen må setje i verk tiltak slik at rekneskapen blir laupande oppdatert.

Med vennleg helsing
Setesdal Revisjonsdistrikt IKS


Tommy Pytten
Konstituert revisjonssjef

Kopi: Rådmann

TELEFON

Pytten 977 60 455
Karlsen 918 12 540
Hansen 478 32 446

E-POST

Tommy.Pytten@e-h.kommune.no
Edvard.Karlsen@e-h.kommune.no
Morten.Hansen@e-h.kommune.no

POSTADRESSE

Kaserneveien 19, Evjemoen
4735 EVJE

ORG.NR

976 662 652 MVA

BESØKSADRESSE

BANKKONTONR

Agder Sekretariat

Kontrollutvalet i Valle kommune

Sak 06/16

Møtedato: 17.03.2016

Sakshandsamar: kih

SAK 06/16 KOMMUNEREKNESKAPEN FOR 2015 – ORIENTERING

Kontrollutvalet har ynskja ei førebels orientering om kommunerekneskapet for 2015 når denne føreligg.

Ein har invitert rådmannen til møte for å orientere.

Kristiansand, 09.02.16

REFERAT FRA REPRESENTANTSKAPSMØTE I AGDER KOMMUNEREVISJON IKS 09.02.16

Tilstede: Pål Harv, Tore Askildsen (vara), Bjørn Ropstad, Odd Håvard Dahle (vara), Oddbjørn Hagen, Jan Stubstad og Solveig Nordkvist (vara)

Forfall: Gro Anita Mykjåland, Espen Halvorsen, Terje Damman, Leiv Rygg, Jon Rolf Næss og Steinar Kyrvestad

Fra styret: Ingen

Fra adm: Tor Ole Holbek og Monica H. Smith-Tønnessen

Ansattes repr: Stein Løvdahl

SAKSLISTE

- Sak 01/2016** **Godkjenning av møteinnkalling og referat fra møte 21.12.15**
Det var ingen merknader til møteinnkallelsen.
Referat fra konstituerende representantskapsmøte den 21.12.15 ble underskrevet i møtet.
- Sak 02/2016** **Forslag til budsjett for Agder Kommunerevisjon IKS for 2016**
Enstemmig vedtak:
«Representantskapet godkjenner forslag til budsjett for Agder Kommunerevisjon IKS for 2016 iht. revisjonssjefens forslag av 19.01.16 (vedlegg 1 og 3).»
- Sak 03/2016** **Forslag til økonomiplan for Agder Kommunerevisjon IKS for 2016-2019**
Enstemmig vedtak:

«Representantskapet godkjenner økonomiplan for Agder Kommunerevisjon IKS for perioden 2016 - 2019 iht. revisjonssjefens forslag, versjon 19.01.16.»

Sak 04/2016

Valg av styre i Agder Kommunerevisjon IKS

Enstemmig vedtak:

Styremedlem

Per Kåre Selle
Elfie Dørum
Christian Eikeland
Bjørn Robstad
Britt Ingrid Andersen

Varamedlem

Jan Severin Eide
Åse Paulsen
Anju Choudhary Manneråk
Solveig Nordkvist
Tharald Myrum

Til styrets leder ble Per Kåre Selle valgt, og til nestleder ble Britt Ingrid Andersen valgt.

Sak 05/2016

Orienteringssaker

Revisjonssjef orienterte representantskapet om følgende forhold

- Status etablering av Agder Kommunerevisjon IKS


Sak 06/2016

Eventuelt


Det var ingen saker til eventuelt.




Pål Harv
leder



Odd Håvard Dahle
varamedlem



Tore Askildsen
varamedlem




Bjørn Ropstad
medlem


Leiv Rygg
medlem

Jon Rolf Næss
medlem


AGDER KOMMUNEREVISJON IKS




Oddbjørn Hagen
medlem



Jan Stubstad
medlem



Solveig Nordkvist
varamedlem



Tor Ole Holbek
sekretær for repr.skapet



Rapport frå tilsyn med Setesdal barnevern 2015

Adressa til verksemda: 4747
Valle
Tidsrom for tilsynet: 28.01.15 -
18.03.15

06.05.2015

Fylkesmannen i Aust-Agder

[Samandrag](#)

[1. Innleiing](#)

[2. Omtale av verksemda - særlege forhold](#)

[3. Gjennomføring](#)

[4. Kva tilsynet omfatta](#)

[5. Funn](#)

[6. Vurdering av styringssystemet i verksemda](#)

[7. Regelverk](#)

[8. Dokumentunderlag](#)

[9. Deltakarar ved tilsynet](#)

Samandrag

Fylkesmannen i Aust-Agder gjennomførte i perioden 17.03.-18.03 2015 tilsyn med Setesdal barnevern, eit interkommunalt samarbeid mellom Bykle, Valle og Bygland kommunar i Setesdal.

Denne rapporten gjer greie for det avvik som blei påpeikt innafør dei områda som blei reviderte.

Systemrevisjonen gjaldt følgjande område:

Barnevernstenesta sitt arbeid med meldingar til barnevernstenesta og tilbakemelding til meldar

Avvik:

Barnevernstenesta i Setesdal fyljer ikkje lovkravet om alltid å gje offentlege meldarar tilbakemelding på kva som blir resultat av undersøkingar.

Dato: 04.05.15

Hans Ganes Helene Frydenberg
revisjonsleiar revisor

Marit F Grødum

revisor

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter systemrevisjon i perioden 17.03.15 til 18.03.15 ved Setesdal barnevern der Valle kommune er vertskommune. Revisjonen går inn som ein del av den planlagde tilsynsverksemnda hos Fylkesmannen i år, og er ein del av landsomfattande tilsyn med barnevernstenestene i 2015 og 2016.

Tema for tilsynet er kommunen sitt arbeid med meldingar og tilbakemelding til meldar.

Fylkesmannen har fullmakt til å føre tilsyn med barnevernstenesta i medhald av Lov om barnevernstenester § 2-3b,2.ledd.

Formålet med systemrevisjonen er å vurdere om verksemnda tek hand om ulike krav i lovgivinga gjennom sin internkontroll. Revisjonen skulle undersøkje om:

- kva tiltak verksemnda har for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på lovgivinga innafør dei tema tilsynet omfattar
- tiltaka blir følgde opp i praksis og om naudsynt korrigerert
- tiltaka er gode nok for å sikre at lovgivinga blir følgd

Rapporten handlar om det avviket som blei avdekt under revisjonen og gir derfor inga fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet verksemnda har gjort innafør dei områda som tilsynet omfatta.

- **Avvik** dreier seg om at krav som er gjeve i eller i medhald av lov eller forskrift, ikkje er oppfylt.

2. Omtale av verksemnda - særlege forhold

Setesdal barnevern er ei interkommunal barnevernsteneste som består av Bykle, Valle og Bygland kommunar. Det er Valle som er vertskommune.

Alle dei tre kommunane ligg øvst i Setesdal og har til saman i overkant av 3300 innbyggjarar. Barnevernstenesta består av 3,4 årsverk. Barnevernsleiar er direkte underlagt rådmannen. Då vi var på tilsyn var to av dei tilsette sjukemelte. Tilbake var soleis barnevernsleiar og ein sakshandsamar. Setesdal barnevern hadde i 2014 motteke 25 meldingar, der 1 vart henlagt.

31.12.14 hadde dei tre kommunane til saman 20 barn i tiltak.

3. Gjennomføring

Systemrevisjonen omfatta følgjande aktivitetar:

Revisjonsvarsel blei sendt ut 28.01.15 . Oversikt over dokument som verksemnda har sendt over i samband med tilsynet, er gjeve i kapitlet Dokumentunderlag.

Tilsynet blei gjennomført 17. og 18. mars. 17. mars planla tilsynsmynda å lese dokument i samband med meldingar. Av di rådmannen ikkje kunne tale med oss den 18" hadde vi samtale med han den 17.

Opningsmøte blei halde 18.03.15

Intervju

I alt 3 personar blei intervjuet.

Oversikt over dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket, er gjeve i kapitlet Dokumentunderlag.

Sluttmøte blei halde 18.03.15.

4. Kva tilsynet omfatta

Fylkesmannen skal undersøke at meldingar handsamas forsvarleg og at tilbakemelding vert gjeve meldar etter at melding er motteken og offentlege meldarar og etter at undersøking er gjennomført. Tilsynet skal bidra til å sikre at arbeidet med meldingar er forsvarleg. Tilsynet skal undersøkje om kommunen systematisk styrar og leiar barnevernstenesta sine arbeidsprosessar slik at meldingar blir handsama forsvarleg.

5. Funn

Fylkesmannen fann eit avvik:

Barnevernstenesta i Setesdal fyljer ikkje lovkravet om alltid å gje offentlege meldarar tilbakemelding på kva som blir resultatet av undersøkingar.

Dette er brot på Barnevernslova § 6-7a, 3.ledd:

«Dersom det er åpnet undersøkessak, skal barneverntjenesten gi melder som omfattes av § 6-4 annet og tredje ledd, ny tilbakemelding om at undersøkelsen er gjennomført. Den nye tilbakemeldingen skal sendes innen tre uker etter at undersøkelsen er gjennomført og skal inneholde opplysninger om hvorvidt saken er henlagt, eller om barneverntjenesten følger opp saken vidare.»

Avviket vert gjeve av di

- Fylkesmannen ikkje fann at slike tilbakemeldingar var omfatta av rutine til barnevernstenesta.
- I intervju kom det og fram at dette kravet til barnevernstenesta ikkje var tilstrekkeleg kjend.
- Fylkesmannen fann heller ikkje at slik tilbakemelding var dokumentert i alle sakar.

6. Vurdering av styringssystemet i verksemda

Det er laga ei rutinehandbok for barnevernstenesta.

Leiar seier ho har oversikt over kva den einskilde gjer. Ho fortel at ho alltid har ein open dør til rådmannen, og drøfter forhold ho meiner rådmannen bør vite om med han. Det er ikkje faste møte med rådmannen i Valle eller med rådmenn i dei andre kommunane der tilhøva i barnevernstenesta vert teken opp. Rådmannen er i liten grad informert om det faglege arbeidet i barnevernstenesta og han etterspør til dømes ikkje halvårsrapporteringar. Det gjer heller ikkje rådmennene i dei to andre kommunane. Fylkesmannen fann ikkje nokre formelle faglege styringslinjer frå rådmann til leiar av barnevernstenesta.

7. Regelverk

- FNs barnekonvensjon om barns rettar av 20.november 1989.
- Lov om barnevernstenester av 17. juli 1992 nr.100
- Lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker av 10. februar 1967
- Forskrift om internkontroll for kommunenes oppgåver etter lov om barnevernstenester av 14.desember 2005

8. Dokumentunderlag

Dokumentasjon frå verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold som blei send over da revisjonen blei førebudd:

- Rutinehandbok frå Setesdal barnevern
- Kontrollskjema for fyrste og andre halvår 2014
- Halvårsrapportar til BLD frå fyrste og andre halvår 2014

Dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket:

- Alle saker der det hadde korne nye meldingar i 2014 og 2015 fram til tilsynsdato.

Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen:

- Varsel om tilsyn datert 28.01.15
- Planar for dagen sendt på e-post til barnevernstenesta

9. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen under gjev ei oversikt over deltakarane på opningsmøte og sluttmøte, og over kva personar som blei intervjua.

Namn	Funksjon / stilling	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Eivind Berg	rådmann		X	
Marie Louise Johnsen	barnevernsleiar	X	X	X
Lisbeth Homme	sakshandsamar	X	X	X

Frå tilsynsorganet deltok: Marit Fiane Grødum, Helene Frydenberg og Hans Ganes



Kommunestyret i Valle kommune
Postboks 4
4747 VALLE

Kontrollrapport 2015 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Valle kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og plikter å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

2. Om skatteoppkrevjarkontoret

2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen iht. skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

Tal årsverk 2015	Tal årsverk 2014	Tal årsverk 2013
0,40	0,40	0,45

Tal årsverk inkluderer 0,1 årsverk disponert av Interkommunal arbeidsgjevarkontroll i Agder.

2.2 Organisering

Skatteoppkrevjarfunksjonen er organisert som eit felles skatteoppkrevjarkontor for kommunane Evje og Hornnes, Bykle, Bygland og Valle. Vertskommune er Evje og Hornnes.

3. Måloppnåing

3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Valle kommune viser per 31. desember 2015 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 142 003 264 og uteståande restansar² på kr 1 496154. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 19. januar 2016.

3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2015 for Valle kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2013	3,30	100,00	97,00	99,17	93,97
Arbeidsgjevaravgift 2014	20,73	100,00	99,90	100,00	99,78
Forskotsskatt personlege skattytarar 2014	5,74	100,00	99,90	100,00	99,10
Forskotstrekk 2014	51,55	100,00	99,90	100,00	99,92
Forskotsskatt upersonlege skattytarar 2014	21,07	100,00	99,90	100,00	99,91
Restskatt upersonlege skattytarar 2013	2,47	100,00	99,00	99,98	98,91

3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Valle kommune er tilslutta Interkommunal arbeidsgiverkontroll i Agder.

Resultat for kommunen per 31. desember 2015 viser i følgje skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeidsgjevarar	Minstekrav tal kontrollar (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2015	Utførte kontrollar 2015 (i %)	Utførte kontrollar 2014 (i %)	Utførte kontrollar 2013 (i %)	Utført kontroll 2015 region (i %)
76	4	4	5,3	4,9	5,5	5,2

4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2015 ikkje gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret. Siste stadlege kontroll vart halden 9. og 10. april 2014.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav



Skattekontoret har i 2015 gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll.

5. Resultat av utført kontroll

• *Intern kontroll*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

• *Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvist uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

• *Skatte- og avgiftsinnkrevjing*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.


• *Arbeidsgjevarkontroll*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og vert utført i tilstrekkeleg omfang.

6. Ytterlegare informasjon

Det er gjennomført fylkesvise dialogmøter mellom skattekontoret og skatteoppkrevjarkontora i mars 2015.

Med helsing


Bente Berg
fung.avdelingsdirektør
Avdeling for innkreving
Skatt sør


Ingvill Helstad

Kopi til:
Kontrollutvalet for Valle kommune
Skatteoppkrevjaren for Valle kommune
Riksrevisjonen